

FYLKESMANNEN I OPPLAND
MILJØVERNAVDELINGA

Rapport nr. 4/90

**FORUREINING FRÅ
LANDBRUKET**

ÅRSRAPPORT 1989


FØREORD

Denne rapporten fortel om fylkesmannen sitt arbeid med landbruksforureining i Oppland i 1989. Vi har oppsummert vår kontrollaktivitet og resultatet av denne. I tillegg har vi sagt litt om vårt samarbeid med landbrukssetaten, og situasjonen generelt i Oppland når det gjeld forureining fra landbruket.

Rapporten er tenkt å skulle informere sentrale styresmaketer (spesielt Statens Forureiningstilsyn) om framdrifta i arbeidet mot forureining fra landbruket. Dette er også viktig informasjon til landbrukssetaten, og til ålmenta.

Til kontrollarbeidet i 1989 er NLH-student Signe Berit Sollien engasjert nokre veker i sommarsesongen. Elles er kontroll og oppfølgjing gjort av Eyvind Lome, Steinar Fossum og Elin Hilde, som er tilsette ved miljøvernavdelinga.


Torstein Wangensteen


Elin Hilde

Lillehammer 26.02.1990

INNHOLD

1. SAMANDRAG OG KONKLUSJON	1
2. INNLEIING	3
2.1. Bakgrunn for arbeidet	3
2.2. Målsetjingar	8
2.3. Regelverk	9
3. KONTROLLOPPLEGG	9
4. RESULTAT	11
4.1. Etterkontollar	11
4.2. Førstegangskontollar	11
4.3. Type pålegg	12
4.4. Bruk av forureiningsgebyr	13
4.5. Fristutsetjingar	13
4.6. Disponering av husdyrgjødsel	14
4.7. Politietterforskning	14
4.8. Andre saker	14
5. ARBEIDET I 1990	14
5.1. Punktutslepp	14
5.2. Arealavrenning	15
5.3. Miljø i fokus	15

Vedlegg 1: Retningsliner for saksbehandling og samarbeid mellom ytre landbrukssetat og miljøvernsetat i arbeidet med forureiningar frå landbruket.

Vedlegg 2: Retningsliner for fylkesmannens bruk av gebyr og politimelding ved punktutslepp frå landbruket.

1. SAMANDRAG OG KONKLUSJON

Om lag 150 gardsbruk er kontrollerte av fylkesmannen i Oppland i 1989. Omfanget har lege på dette nivået dei siste åra. Den vesentlege skilnaden frå tidlegare år er at vi i år ikkje har gjort ny tilfeldig kontroll på gardsbruk. I år har det vore etterkontroll av pålegg frå i fjar, besøk i samband med klager, og oppfølgjing av bruk som er registrerte av landbrukskontora med utbetringbehov. Dette er ei omlegging som er resultat av retningsliner frå Landbruksdepartementet og Miljøverndepartementet. Jf vedlegg 1.

Påleggsprosenten er relativt høg for førstegangskontollar, fordi dette i utgangspunktet er gardsbruk som har manglar. 70 % av førstegangskontrollerte bruk fekk pålegg om utbetringstiltak, medan 30 % av etterkontrollane fekk det.

Forureiningsgebyr har vist seg å vere eit effektivt verkemiddel for å få gjennomført tiltak. Det blir no fastsett gebyr systematisk når det blir gjeve formelle pålegg om tiltak. Dette skjer i samsvar med retningsliner frå Miljøverndepartementet. Sjå vedlegg 2.

Det er vanskeleg å samanlikne resultata med tidlegare år, fordi kontrollane og måten vi registrerer på er gjort på ulik måte. Tidlegare registrerte vi utslepp frå anlegget og forureining av vassdrag, i samsvar med skjema for datasystemet Landsys. Men vi har funne dette lite påliteleg og samanliknbart mellom anna p.g.a. ulike vurderingar hjå kontrollør/sakshandsamar. Vi har heller ikkje i år statistikk over type mangel på gjødsellager og silo-/pressaftanlegg. Vi har sett nytten som liten i høve til arbeidet med å registrere det.

Det er også vanskeleg å konkludere om forureiningsituasjonen generelt ut frå dei få gardsbruk vi er innom i løpet av året. Dette er som nemnt ikkje noko representativt utval av bruka.

I vårt fylke er det utarbeidd 350 samla planar for tekniske miljøtiltak i 1989, og forureiningssituasjonen er registrert på over 1000 bruk av landbrukskontora. Frå 01.01.87 til 31.12.89 er det registrert over 2000 gardsbruk, og laga ca 600 ferdige samla planar. Av gjødselplanar er det i 1989 laga 550 nye og oppdatert 530 eldre planar. Dette talet var om lag dobbelt så stort i 1988. Dette er eit godt resultat i høve til dei målsetjingane om registrering og planar som vart sette hausten 1988.

Ut frå dette er det grunn til å tru at forureiningsituasjonen i landbruket har betra seg siste åra. Vi ser tilskotsordninga som ein viktig stimulans for å få gjennomført tekniske miljøtiltak. Gardbrukarane har også fått ei

meir bevisst haldning til forureiningsproblemene enn tidlegare, noko som er viktig i den daglege drifta.

Som kjent kjem størstedelen av fosfortilførslane til vassdrag frå arealavrenning, og ein mindre del frå punktutslepp. Difor er det viktig å intensivere tiltaka mot arealavrenning.

Vekstskifte-/gjødselplanlegging med rett bruk av husdyrgjødsla er kanskje det viktigaste tiltaket mot arealavrenning i vårt fylke. I tillegg vil det vere gunstig å endre eller redusere jordarbeidina, og få redusert openåkerarealet. Utbetring av hydrotekniske anlegg og etablering av vegetasjonssoner langs vassdrag er også aktuelle tiltak.

Strengare husdyrgjødsselforskrift og avgift på fosfor i kunstgjødsla har truleg hjelpt til å minske arealavrenninga. Elles vil informasjon og rådgjeving vere dei viktigaste verkemidla. Dersom ikkje dette når fram, er det nødvendig med sterkare verkemiddel, som forbod mot haustploying og forbod mot spreiing av husdyrgjødsel utanom vekstsesongen.

2. INNLEIING

2.1. Bakgrunn for arbeidet

Forureininga frå landbruket kan skape problem ved overgjødsling av vassdrag, oksygenmangel og ureint drikkevatn. Ein del av dette kjem frå punktkjeldene; gjødsellager, siloanlegg og mjølkeromsavlopp. Men mesteparten, ca 80 % av fosfortilførslene til vassdrag i vårt fylke, kjem frå arealavrenning, medan 20 % er punktutslepp. Arealavrenninga skjer som overflateavrenning, utvasking og erosjon. Overdreven eller feilaktig gjødsling kan medføre stor arealavrenning.

Av nitrogenutsleppa kjem 95 % frå arealavrenning og 5 % frå punktkjelder. Nye tal frå Senter for jordfagleg miljøforskning (Jordforsk) viser dette. Berekningane er gjort i samband med arbeidet med å minske forureininga av Nordsjøen.

Punktutsleppa må ikkje bagatelliserast sjølv om arealavrenninga er størst. Lekkasjar som går i bygningsdrenering og rett til vassdrag har stor negativ effekt. Fosfor som blir tilført vassdrag frå punktutslepp er også lettare tilgjengeleg for algevekst enn fosfor frå arealavrenning.

Ifølgje dei nye tala frå Jordforsk blir vassdraga i Oppland no tilført 53 tonn P årleg frå landbruket, og 2447 tonn N. Når det gjeld Mjøsa er dei nye fosfortala ein god del lægre enn det GEFO tidlegare har berekna. Tidlegare er særleg arealavrenninga overvurdert. Ein må hugse at slike tal alltid vil vere usikre. Likevel kan dei gje ein peikepinn på korleis situasjonen er.

Tilførslene er berekna for 4 soner i fylket:

I Mjøsa:

Vestre Toten, Østre Toten, Gjøvik, Lillehammer, Gausdal, Øyer

II Lågen/Mjøsa:

Ringebu, Sør-Fron, Nord-Fron, Sel, Vågå, Lom, Skjåk, Lesja, Dovre

III Randsfjorden:

Gran, Lunner, Jevnaker, Søndre Land, Nordre Land, Etnedal

IV Begna:

Nord-Aurdal, Sør-Aurdal, Øystre Slidre, Vestre Slidre, Vang




Fig. 1. Årlege tilførsler av fosfor fra punktkjelder og arealavrenning i landbruket til vassdrag, fordelt på ulike soner i fylket.

Nærrområdet til Mjøsa gjev totalt størst P-tilførsler til vassdrag av dei 4 sonene. Denne sona er også viktig fordi ho i høve til Gudbrandsdalen påverkar vasskvaliteten i Mjøsa meir direkte.




Fig. 2. Nitrogentilførsler fra landbruket til vassdrag, fordelt på soner i fylket.

Ser vi på nitrogen skil nærområdet til Mjøsa seg endå meir ut, fordi størsteparten av N-tilførslane kjem frå arealavrenning. Dette har truleg samanheng med det store openåkerarealet i dette området. Jf fig. 2.




Fig. 3. Fordeling av tilført fosfor på arealavrenning og punktkjelder i ulike soner.

Fig. 3 viser kva relativ betydning punktkjelder og arealavrenning har i ulike deler av fylket, av dei totale fosfortilførslane frå landbruket. I Gudbrandsdalen og Valdres har punktutsleppa større del av tilførslane enn på flatbygdene. Dette er tilsvarende for nitrogen, som fig. 4 viser.




Fig. 4. Fordeling av tilført nitrogen på punktkjelder og arealavrenning.

Når vi her ser korleis arealavrenninga dominerer, må vi hugse at det er vanskeleg å redusere denne så mykje som punktutsleppa. Noko avrenning vil det alltid vere frå dyrka mark p.g.a. naturlege tilhøve. Punktutsleppa kan ha stor negativ betydning lokalt i vassdraga, og bør difor minimaliseraast. Fosfor frå punktutslepp er også lettare tilgjengjeleg for algevekst enn fosfor frå arealavrenning.




Fig. 5. Fordeling av tilførslane av nitrogen og fosfor til vassdrag i fylket på punktutslepp og arealavrenning. Totale tilførslar er 53 t P og 2447 t N pr år.

Av fig. 4 ser vi at punktkjeldene utgjer større del av fosfortilførslane enn dei gjer for nitrogen. Dette talar også for at det er viktig å minske punktutsleppa til ferskvatn. Som kjent har fosfor størst betydning for algevekst i vassdraga.




Fig. 6. Tilførsler av fosfor til vassdrag fra punktkjeldene i ulike soner.

Punktutsleppa fordeler seg slik fig. 5 viser på gjødsellager og siloanlegg. Mjølkeromsavløp er ikkje med i desse berekningane. Tidlegare Institutt for georessurs- og forureiningsforskning, no Senter for jordfagleg miljøforskning, har anslått at fosfor frå mjølkeromsavløp utgjer om lag 1,6 % av punktutsleppa til Mjøsa, når ein ser på fosfor. Men mjølkeromsutslepp betyr meir med omsyn til utslepp av organisk stoff.




Fig. 7. Fordeling av punktkjeldeutsleppa på gjødsellager og siloanlegg.

Fig. 6 viser at av fosforutsleppa har silopressaft stor andel når vi ser på punktkjelder. Når det gjeld nitrogen har lekkasje fra gjødsellager størst prosentdel. Fordelinga gjeld heile fylket.

Alt talmateriale bak desse figurane er henta frå rapporten utarbeidd av Jordforsk i 1989. Dette er noko av grunnlaget for gjennomføring av tiltak mot forureining frå landbruket.

Ein må vere merksam på at tala er usikre, og til dels skil seg frå tidlegare vurderingar som GEFO har gjort for Mjøsområdet. Men materialet gjev ein peikepinn på korleis situasjonen er.

2.2. Målsetjingar

Fylkesmannen er forureiningsmyndighet når det gjeld landbruksforureining, og fører såleis tilsyn med at lov og forskrifter blir følgde. Målet er å minske forureiningane frå landbruket. Oppland er med i den såkalla "Nordsjøplanen" med målsetjing om å halvere næringssaltutsleppa innan 1995. Våre utslepp påverkar Nordsjøen via Drammenselva og Glåma.

Ved sida av dette arbeider vi spesielt med å betre vasskvaliteten i Mjøsa. Mellom anna er det utarbeidd ein tiltaksplan for gjennomføring av tiltak i alle sektorar for Mjøsa. Tiltak mot forureining frå landbruket har også stor betydning ved å betre forureiningssituasjonen lokalt.

2.3. Regelverk

Dei viktigaste forskriftene som gjeld forureining frå landbruket er:

- Forskrifter om utslepp av skyllevatn og svartlut frå halmlutingsanlegg av 1. juli 1985
- Forskrift om silopressaft av 1. sept. 1986, med tekniske retningsliner for oppsamling og disponering
- Forskrift om husdyrgjødsel av 1. mars 1989, med retningsliner for lagring og disponering
- Forskrift om bakkeplanering av 3. april 1989, med tekniske retningsliner for anlegg, drift og vedlikehald

Desse forskriftene er fastsette av Miljøverndepartementet med heimel i Forureiningslova av 13. mars 1981. Dei set krav til anlegg og drift, og fylkesmannen har heimel til å gje pålegg om tiltak for å minske forureining og forureiningsfare.

Vidare er det utgjeve ein rettleiar om avløp frå kloakkanlegg og mjølkerom datert juli 1989, frå Miljøverndepartementet og Landbruksdepartementet. I april 1989 fekk vi også retningsliner om saksbehandling og samarbeid mellom ytre landbrukssetat og miljøvernetat i arbeidet med forureining frå landbruket. Desse er også gjeve ut i samarbeid mellom dei to departementa.

Ei viktig forskrift for å stimulere til utbetringstiltak er Forskrift om tilskot og lån til tekniske miljøtiltak i landbruket, gjeven av Landbruksdepartementet 1. sept. 1988. Etter denne krevst det ein samla utbetringsplan for alle forureiningskjelder, for å få tilskot.

3. KONTROLLOPPLEGG

Vi har i 1989 besøkt ca 150 gardsbruk for kontroll av tekniske anlegg (punktkjelder) eller i samband med klage på disponering av husdyrgjødsel. Kontroll av punktkjelder er vesentleg silo- og pressaftanlegg og gjødsellager. Mjølkeromsavløp og hushaldningskloakk blir elles undersøkt av landbrukskontoret/teknisk etat når det skal utarbeidast samla utbetringsplan for bruket. Ein del bruk er også besøkte i samband med anna saksbehandling, fellesbefaringar med landbruksaten o.l.

Kontrollopplegget er tilpassa retningslinene om samarbeid med landbrukssetaten, som kom i fjor. D.v.s. at vi har eit nært samarbeid, og felles befaringar er hovudregelen. Vi har følgt opp etterkontrollar frå året før, og innkomne klager. I tillegg har vi følgt opp nokre bruk som er registrerte av landbrukskontora med utbetringsbehov. Tilfeldig, ny kontroll har ikkje skjedd. Vi har ikkje funne å kunne prioritere etterkontroll av gardsbruk som nyleg er ferdiggodkjende av landbrukssetaten. Vi reknar med at dette har mindre effekt for å minske forureininga, fordi desse brukna då skal ha god teknisk standard.

Av våre kontrollar er 65 % etterkontroll av bruk som har fått pålegg før, og 35 % er førstegangskontrollar. Det kan vere fleire befaringar på same bruk i løpet av året.




Fig. 8. Tal gardsbruk som er kontrollerte i 1989, i dei ulike kommunane.

4. RESULTAT

4.1. Etterkontrollar

Av 157 kontrollar på tekniske anlegg er 65 % etterkontrollar; kontroll på bruk som nyleg har fått pålegg. 35 % er førstegangskontrollar. Dette er bruk som ikkje har fått pålegg dei siste åra, men som vi har fått melding om, anten frå gardbrukaren sjølv, landbrukssetaten eller andre. Det kan t.d vere i samband med forureining av drikkevatn.

Av 103 etterkontrollar er 58 % sagt å vere i orden. 15 % har fått merknader om småting som bør ordnast, men ikkje nytt formelt pålegg. 27 % har fått nytt pålegg om tiltak. Dette betyr ikkje nødvendigvis at det fyrste pålegget ikkje er følgt opp. Det kan ha blitt avdekt nye manlgar som også treng utbetring.




Fig. 9. Prosentvis fordeling av etterkontrollar og førstegangskontrollar.

4.2. Førstegangskontrollar

Dette er klagesaker eller oppfølgjing av bruk som er registrerte av landbrukskontora. Dei registrerte brukar er vesentleg slike som har behov for utbetringstiltak utan at dei har meldt interesse for planlegging. Desse vil rimelegvis ha ein høg påleggsprosent. Av 54

førstegangskontrollar har 72 % fått pålegg om utbetringstiltak. 17 % fekk merknadsbrev og 11 % vart funne i orden.




Fig. 10. Resultat av førstegangskontrollar og etterkontrollar; reaksjon fra fylkesmannen.

4.3. Type pålegg

Vel halvparten av pålegga gjeld gjødsellager/husdyrgjødseldisponering, dette er det største problemet. Godt 1/3 gjeld silo- og pressaftanlegg. Ein liten del gjeld avløpsvatn frå mjølkerom, som ikkje er disponert på forsvarleg måte. Pålegg blir sjeldan gjeve på mjølkeromsavløp fordi det kjem med i samla plan for tekniske miljøtiltak. Elles har det ofte mindre betydning når det gjeld forureining, i høve til andre kjelder som gjødsellager og pressaftanlegg.

Når det gjeld pressaftutslepp har det vore lite direkte forureining å sjå i vassdrag, truleg fordi det var relativt tørt i kontrollperioden.




Fig. 11. Prosentvis fordeling av pålegg etter kva dei gjeld.

4.4. Bruk av forureiningsgebyr

Som hovudregel blir det fastsett forureiningsgebyr til alle pålegg, eit gebyr som forfell dersom utbetringane ikkje er utført innan fastsett frist. Fastsett gebyr vart kravd inn i 5 saker i 1989, med gjennomsnittssum på kr 3 400,- pr bruk. Dette er ca 5 % av talet på etterkontrollar i fjor. Bruken av gebyr har hatt god effekt for å få gjennomført tiltak.

Pr 01.01.90 har vi ståande 31 silopålegg og 33 gjødselpålegg. Gjennomsnittleg gebyr fastsett for silopålegga er kr 5 600,- og for gjødselpålegga kr 9 200,-.

4.5. Fristutsetjingar

Fylkesmannen har behandla ca 20 søknader om fristutsetjing for pålegg i 1989. Utsetjingane kan vere frå eit par veker til maksimalt 1 år. Mange av søknadane gjeld tiltak på gjødsellager, som blir utsett ein månad eller to om hausten. Slike utsetjingar har lite å seie med omsyn til forureininga.

4.6. Disponering av husdyrgjødsel

Det har i 1989 kome inn ca 40 klager og henvendelsar om disponering av husdyrgjødsel; lagring og spreiling. Det kan t.d. gjelde utelagring, vinterspreiling og mangelfull nedmolding om hausten. Luktplager blir også nemnt som eit problem, saman med avdrift frå gyllespreiling.

Vår reaksjon er telefonsamtale med brukaren, merknadsbrev, synfaring, pålegg eller anmodning om politetterforskning, alt avhenging av alvoret i saka. Talet på klagesaker om husdyrgjødsel synest å ha auka siste året, truleg fordi vi har fått ny og strengare forskrift om husdyrgjødsel. Folk flest ser ut til å vere godt kjent med dei nye reglane.

4.7. Politetterforskning

2 gardbrukarar i fylket vart i 1989 ilagt bot for uforsvarleg husdyrgjødselhandtering, som har medført forureining. Beløpet er kr 5 000,- for kvar. I tillegg er 2 under politetterforskning for liknande saker, der det kan vere tvil om gjødsellageret var i forsvarleg stand, og det skjedde utslepp til vassdrag.

4.8. Andre saker

Fylkesmannen har i løpet av 1989 behandla 63 søknader om bruk av skattefrie fondsavsetningar til tiltak for å hindre forureining. Dette er ei av fleire finansieringsordningar for miljøtiltak i landbruket.

Det er behandla 3 søknader om løyve til bakkeplanering, etter at vi fekk forskrift om dette i 1989. Føremålet med forskrifta er å minske erosjon og arealavrenning frå bakkeplanerte areal. Vi reknar ikkje dette for å vere noko stort miljøproblem i Oppland.

5. ARBEIDET I 1990

5.1. Punktutslepp

For 1990 har vi no ca 70 etterkontrollar på 55 gardsbruk som skal gjerast. 25 bruk bør følgjast opp etter at dei er registrerte av landbrukskontora med utbettingsbehov, utan å ha meldt interesse for planlegging. Det kan også vere at fristen for gjennomføring av tiltak har gått ut. Talet på slike saker vil truleg auke. I tillegg vil det kome nye saker og klagesaker i løpet av året.

5.2. Arealavrenning

Tiltak mot arealavrenning må intensiverast i høve til punktutslepptiltaka. Dette vil vesentleg skje ved informasjon til gardbrukarane. Landbrukssetaten vil vere sentral i dette arbeidet. Gjødselplanlegginga er godt i gang på landbrukskontora og i forsøksringane. I 1989 vart det utarbeidd ca 550 nye gjødselplanar, og oppdatert 530 eldre planar.

Feilaktig bruk av husdyrgjødsla er truleg det største arealavrenningsproblemet i vårt fylke. Erosjon er også eit problem særleg i nærområdet til Mjøsa og på Hadeland, p.g.a. stor andel open åker. For fylket samla er openåkerprosenten om lag 40.

Dei mest aktuelle tiltaka mot arealavrenning i Oppland er:

- Rett gjødsling ved vekstskifte- og gjødslingsplan
- Omlegging i jordarbeidingsrutinar/miljøvennleg jordarbeiding, som m.a. inneber mindre open åker
- Utbetring av hydrotekniske anlegg
- Vegetasjonssoner langs vassdrag

Ein har førebels usikre tal på forureiningsreduksjon ved vegetasjonssoner. Men tiltaket kan også ha andre positive verknader, for landskapsbilete, friluftsliv, fiske, dyre- og planteliv. Dette bør ein også ta omsyn til.

5.3. Miljø i fokus

Mykje av arbeidet med informasjon og haldningsskaping omkring landbruksforureining blir i 1990 organisert gjennom aksjonen Miljø i fokus. Det tidlegare informasjonsutvalet i fylket vil vere styringsorgan for Miljø i fokus i Oppland. Desse er representerte i utvalet: fylkeslandbrukskontoret, fylkesmannen, forsøksringane, forskningsstasjonane, bonde- og småbrukarlaget og bondelaget.

Mykje av vår tid vil gå med til dette arbeidet, og til samarbeid med landbrukssetaten. Målgruppene for informasjonsarbeidet er både gardbrukarar, presse, skuleverk, planleggjarar, politikarar og ålmenta elles. Men det vesentlege er at informasjonsarbeidet gjev gjennomføring av praktiske tiltak som kan redusere forureininga. Difor er kanskje gardbrukarane den viktigaste gruppa.

VEDLEGG



DET KONGELIGE LANDBRUKSDEPARTEMENT

KONTOR: AKERSGT. 42 - TLF. (02) 34 90 90 - TELEFAX (02) 34 95 55 - TELEX 72 969 LDEP N
POSTADRESSE: POSTBOKS 8007 DEP., 0030 OSLO 1

DET KONGELIGE MILJØVERNDEPARTEMENT

KONTOR: MYNTGT. 2 - TLF. (02) 34 90 90 - TELEFAX (02) 34 95 60 - TELEKS 21480 ENV N
POSTADRESSE: POSTBOKS 8013 DEP., 0030 OSLO 1

Fylkesmannen, miljøvernavdelingen

Fylkeslandbrukskontoret

Landbrukskontorene

Deres ref.	Vår ref. (bes oppgitt ved svar)	Dato
	S-4265/89 SAA/AaS	28.04.89
	Ark. 450.66.B	

RETNINGSLINJER FOR SAKSBEHANDLING OG SAMARBEID MELLOM YTRE LANDBRUKSETAT OG MILJØVERNSETAT I ARBEIDET MED FORURENSNINGER FRA LANDBRUKET.

Vi er inne i et temporskifte i arbeidet med landbruksforurenningsninger. En rekke tiltak skal gjennomføres i regi av våre miljø- og landbrukssetater. Det er nødvendig med både tilfredsstillende samarbeidsformer og hensiktsmessige arbeidsdeling.

I grove trekk skal arbeidsfordelingen mellom miljø- og landbruksmyndighetene være slik:

- * Miljøvernmyndighetene har ansvaret for å fastsette mål for miljøkvalitet og utslippsreduksjoner og skal føre kontroll med forurensende virksomhet.
- * Landbruksmyndighetene skal bidra til at landbruket oppfyller mål for miljøkvalitet og utslippsreduksjoner. Landbruksmyndighetene har ansvaret for rådgivning, planlegging og oppfølging av miljøtiltak.

Dette er nærmere utdype i vedlagte retningslinjer som vi håper kan bidra til en inspirerende og aktiv innsats i årene framover.

Harald Holm

Etter fullmakt

Magne Stubsjøen

LANDBRUKSFORURENSNINGER
RETNINGSLINJER FOR SAMARBEID OG SAKSBEHANDLING
VED YTRE ETATER

Gitt av Landbruksdepartementet og Miljøverndepartementet, april 1989.

1. Formål

Arbeidet med å redusere forurensningene fra landbruket er en stor oppgave som må løses ved felles innsats både sentralt og lokalt. En raskest mulig framdrift i arbeidet for å redusere forurensninger fra landbruket er avhengig av tilfredsstillende samarbeidsformer og en hensiktsmessig arbeidsdeling.

Samarbeidet skal sikre en mer ensartet mål- og problemforståelse for hele det felles miljø- og naturressursrelaterte forvalningsområdet. Formalisering av samarbeidsrutinene og gjensidig kompetanseoppbygging og informasjonsutveksling skal opprioriteres.

For å ivareta den jordbruksfaglige og miljømessige siden i arbeidet med forurensningene på en effektiv måte, må det også legges opp til en arbeidsdeling mellom miljøvern- og landbruksetatene på fylkes- og kommuneplan.

Landbruksdepartementets forskrift for tilskott og lån til tekniske miljøtiltak og Miljøverndepartementets forskrifter om husdyrgjødsel, silopressaft, bakkeplanering m.v. er basert på følgende ansvarsdeling:

- * Miljøvernmyndighetene fastsetter mål for miljøkvalitet og utslippsreduksjoner og fører kontroll med forurensende virksomhet.
- * Landbruksmyndighetene skal bidra til at landbruket oppfyller mål for miljøkvalitet og utslippsreduksjoner. Landbruksmyndighetene har ansvaret for rådgivning, planlegging og oppfølging av miljøtiltak.
- * Miljøvernmyndighetene og landbruksmyndighetene har et felles ansvar for å etablere et hensiktsmessig

samarbeide og å finne fram til gjensidig aksepterte mål, virkemidler og tiltak.

2 Prioritering av områder

Miljøvernavdelingen i samråd med fylkeslandbrukskontoret prioriterer områder der det må gjennomføres tiltak for å redusere forurensningene. Denne prioriteringen skal legges til grunn for registrering og planlegging av tekniske miljøtiltak. Prioriteringen skal derfor angi rekkesfølgen for når registreringen skal skje i de ulike deler av fylket.

3 Registrering

Fylkeslandbrukskontoret er ansvarlig for at registreringsarbeidet organiseres og gjennomføres i samsvar med de områdevise prioriteringene. Det bør legges opp til et samarbeid med miljøvernavdelingen og kommunale myndigheter slik at disse kan delta etter behov. Registreringene bearbeides og presenteres slik at materialet blir et hensiktsmessig verktøy i det videre arbeid. Landbruksmyndighetene utarbeider oversikter over bruk med anlegg som ved registreringen anses å være i stand, og over bruk med mangler. Det forutsettes at miljøvernavdelingene får tilgang til resultatene fra landbruksetatenes registreringer slik at disse kan brukes i oppfølgingen på enkel bruk. Oversiktene sendes miljøvernavdelingen som legger opp sin kontroll etter de resultater som registreringene gir.

Særlig i startfasen kan det være gunstig at representanter fra miljøvernavdelingen og/eller kommunal forurensningsmyndighet deltar under selve registreringsarbeidet. Fellesbefaringer på det enkelte bruk vil gi gjensidig forståelse og erfaringsbakgrunn for det videre samarbeidet.

Ikke minst er det viktig å komme fram til en felles plattform for ambisjonsnivå og forståelse for når det vil være nødvendig å iverksette tiltak og for hvor omfattende tiltakene bør være. Det må med andre ord etableres en felles

oppfatning av hvilke feil og mangler som krever tiltak/utbedringer ut fra gjeldende forskrifter/retningslinjer og tidligere erfaringsgrunnlag.

Når det gjelder husholdningskloakk er det kommunen som har myndighet til å gi eventuelle utslippstillatelser og til å sette vilkår i samsvar med retningslinjer for bygging og drift av separate avløpsanlegg. Kommunen kan også kreve at kloakken overføres til kommunal ledning eller føres inn på en annens avløpsanlegg.

4. Tempoplaner for områder/regioner

For enkelte områder eller regioner kan det være viktig at planlegging og gjennomføring av tiltak forseres.

Tempoplaner for gjennomføring av tiltak utarbeides av miljøvernavdelingen i samråd med fylkeslandbrukskontoret og landbrukskontorene. Herunder må de kommunale myndigheter tas med på råd slik at en så vidt mulig kan få nødvendig koordinering med kommunale avløpsplaner.

Tempoplanene skal sikre gjennomføringen av tiltakene innen de tidspunkter som gjelder etter lokale, nasjonale og internasjonale målsettinger.

5. Prioritering av enkeltbruk

På grunnlag av de områdevise prioriteringene og registreringene foretar fylkeslandbrukskontoret og landbrukskontoret prioriteringen av enkeltbruk for planlegging og gjennomføring. Ved denne prioriteringen må en ta hensyn til bruk med allerede gitt pålegg og deres behov for planlegging. Det er en forutsetning at arbeidet kan legges opp så rasjonelt som mulig.

6. Planlegging og oppfølging

Landbrukskontoret og fylkeslandbrukskontoret har ansvaret

for planlegging og oppfølging av tiltakene. For å unngå unødvendige forsinkelser i gjennomføringen av tiltakene, er det viktig at arbeidet organiseres slik at planlegging og gjennomføring går mest mulig parallelt med registreringsarbeidet.

Planene skal være i samsvar med tekniske retningslinjer, type tegninger, bestemmelser som er gitt i forskrift for tilskott og lån m.v. Alle planer skal godkjennes av fylkeslandbrukskontoret som også prioriterer for tilskott og lån.

Når det gjelder krav om samlet plan for alle tekniske tiltak som er nødvendige for å redusere forurensningene fra bruket, herunder krav om delplaner som viser hvordan arbeidene må gjøres for å gi tilfredsstillende resultat, vises til forskriften for tilskott og til veilederingen til denne.

7. Arbeidsfrist

Arbeidsfristen fastsettes av fylkeslandbrukskontoret. Fastsetting av frister må skje på bakgrunn av områdeprioriteringer, fastsatte tempoplaner og lokale, nasjonale og internasjonale målsettinger.

Dersom det søkes om tilskott til gjennomføring av planen er arbeidsfristen normalt tre år fra tidspunktet søknaden innvilges. Det kan være aktuelt å sette kortere frist for gjennomføring tiltak som har særlig stor innvirkning på forurensningssituasjonen. Det vil være naturlig å se dette i forhold til tempoplanen for området og at en på det grunnlaget kommer fram til visse hovedlinjer i samarbeid med miljøvernavdelingen.

Om nødvendig kan miljøvernavdelingen med hjæmme i forurensningsloven og etter samråd med fylkeslandbrukskontoret fastsette egne pålegg med frist for gjennomføring av et tiltak. Det kan også knyttes forurensningsgebyr til fristen.

8 . Oppfølging og kontroll

Dersom landbruksmyndighetene ved oppfølging av arbeidet med hovedplanen erfarer at tiltak ikke gjennomføres som forutsatt, skal det sendes melding om dette til miljøvernavdelingen for behandling etter forurensningsloven. Miljøvernnavdelingen kan da gi egne pålegg med frist tilknyttet forurensningsgebyr.

Bruk av gebyr bør først nytes dersom gårdbrukeren ikke gjennomfører tiltak innen de frister som er fastsatt i planen og som fylkesetaten tidligere er blitt enige om.

9 . Kontroll

Miljøvernnavdelingen fører kontroll med forurensning fra punktkilder og jordbruksarealer.

Miljøvernnavdelingens kontroll i henhold til forskriftene bør følge etter at landbruksetatenes registrering i det enkelte området er ferdig. De bruk som etter registreringen ser ut til å ha tilfredsstillende anlegg, drift og vedlikehold kontrolleres først.

Miljøvernnavdelingens kontroll bør skje på et annet tidspunkt av året enn landbruksetatenes registrering, slik at bruket kan inspiseres under varierende forhold. Dersom miljøvernnavdelingen oppdager mangler som gir grunnlag for pålegg, gis melding til bruker og til fylkeslandbrukskontoret.

Landbruksetatene fører kontroll / tilsyn i h.h.t. forskriftene for tilskott og skal påse at vilkårene for tilskott er oppfylte. Kontrollen / tilsynet vil omfatte det tekniske anlegget, drift og vedlikehold. Miljøvernnavdelingens kontroll og landbruksetatenes kontroll / tilsyn vil derfor oftest være sammenfallende.

Miljøvernnavdelingen fører ellers kontroll med at anleggene

(etter at de er utbedret) drives og vedlikeholdes i samsvar med forskriftene. Dersom anlegg som er godkjent fører til forurensning, kan miljøvernnavdelingen gi pålegg om ytterligere tiltak.

Det er viktig at miljøvernnavdelingens kontroll blir innpasset i det registrerings- og planleggingsarbeidet som landbruksmyndighetene har ansvaret for. Dersom det foretas kontroll av enkeltbruk og gis pålegg om tiltak uavhengig av landbruksmyndighetenes arbeid, vil dette kunne medføre dobbeltarbeid, svekket motivasjon hos rådgiver, planlegger og gardbruker. Det vil samlet sett gi mindre effekt av etatenes felles innsats mot landbruksforurensninger.

Selvstendig kontroll i forkant av landbruksmyndighetenes arbeid bør begrenses til å følge opp særlig grove tilfeller, klager fra publikum og saker der det allerede er gitt pålegg.

10. Bruk av forurensningsgebyr

Miljøverndepartementet har gitt særskilte retningslinjer for fylkesmannens bruk av forurensningsgebyr. Det forutsettes at kontrollen i landbruket tilpasses arbeidspopplegget for gjennomføring av tekniske miljøtiltak. Ved overtredelser av de ulike forskriftene skal fylkesmannens reaksjoner være i samsvar med gjeldende retningslinjer for fylkesmannens bruk av forurensningsgebyr og politianmeldelse.

11. Lokaltilpassede retningslinjer og samarbeidsmodeller

Etablering av rasjonelle arbeidsrutiner for behandling av enkeltsaker er viktig for å lette arbeidet til planlegger og samtidig frigjøre arbeidskapasitet i miljøvernnavdeling og fylkeslandbrukskontor. Det kan derfor være hensiktsmessig å utarbeide lokale retningslinjer for arbeidspopplegget.

Lokaltilpassede retningslinjer kan ut fra problemtype og omfang i de ulike områdene gi veileding om:

- tempoplan for gjennomføring av arbeidet i de ulike områder / nedbørfelt
- prioritering av bruk etter driftsform og -omfang
- prioritering av tiltak
- frister for gjennomføring av de ulike tiltak

Det forutsettes at landbrukskontorene og de kommunale forurensningsmyndigheter deltar ved utarbeidelse av lokale retningslinjer.

12. Rapportering

Fylkeslandbrukskontoret skal ved utgangen av hvert år rapportere til Landbruksdepartementet om virksomheten og de resultater som er oppnådd. Videre skal det fremlegges arbeidsprogram for neste år. Rapporten fra fylkeslandbrukskontorene skal også omfatte den del av virksomheten som skjer ved landbrukskontorene.

Fylkesmannen skal på tilsvarende måte rapportere til Statens forurensningstilsyn .

13. Utviklingsprosjekter, informasjon m.m.

Fylkesmannen og fylkeslandbrukskontoret med underliggende etater, har et felles ansvar for å informere både brukere og allmenheten om forurensning fra landbruket og om tiltak som settes i verk. Det er viktig å informere både om lokale prioriteringer og de forpliktelser som følger av nasjonale målsettinger og internasjonale avtaler.

Det bør også informeres om organiseringen av arbeidet med miljøtiltakene og om framdriften.

Det er allerede opprettet en del fylkesvise koordineringsgrupper, som har avløst informasjonsutvalgene under handlingsplanen mot landbruksforurensninger. Disse bør stå sentralt både i informasjonsarbeidet og når det gjelder initiering og prioritering av utviklingsprosjekter.

Mange kommuner er i ferd med å bygge opp en miljøvernkompetanse gjennom prosjekt "Miljøvern i kommunene" og delprosjekt "Samarbeid landbruk - miljø i kommunene".

Det vil være naturlig at en på kommuneplan har arbeidsgruppe som arbeider i forlengelsen av koordineringsgruppen på fylkesplan. Opprettelse av kommunale grupper bør skje i forståelse med fylkesetaten. Det kan også være aktuelt med regionvise arbeidsgrupper.

For øvrig bør en bygge på organisasjonsmønster som allerede er etablert på lokalplan. Det eksisterer bl.a. aksjonsgrupper som koordinerer opprydding i utslip fra landbruk og spredt bebyggelse, etablerer ordninger for innsamling av avfall, batterier, plantevernmiddelrester m.m. Aksjonsgruppene tar initiativ til å få ryddet opp i og langs vassdrag for å øke vassdragets verdi for nærmiljøet. Andre steder er det etablert bekkelag for å framheve vassdragets positive landskapselement og sikre det for rekreasjon, fiske, vilt m.m.

DET KONGELIGE MILJØVERNDEPARTEMENT

KONTOR: MYNTGT. 2 - TLF. 11 90 90 - RIKSTELEFONER OG FJERNVALG TLF. (02) 41 90 10
POSTADRESSE: POSTBOKS 8013. OSLO-DEP.. OSLO 1

Til fylkesmennene

RUNDSKRIV T/2-88
4. mars 1988

RETNINGSLINJER FOR FYLKESMANNENS BRUK AV FORURENSNINGSGEBYR OG POLITIANMELDELSE VED PUNKTUTSLIPP FRA LANDBRUKET

Innledning

Punktutslippene bidrar i betydelig grad til overgjødsling. Overgjødsling er i første rekke overbelastning av næringssalter og/eller organiske stoffer.

Statens forurensningstilsyn (SFT) slår i sin langtidsplan for 1986-89 fast at omlag 1/4 av våre større vannforekomster er sterkt eller markert overgjødslet. Perspektivene fram mot år 2000 er dystre. SFT regner med at forholdene ikke vil bedre seg, men at situasjonen tvertimot vil forverres fram mot år 2000, dersom det ikke gjennomføres tiltak utover dagens nivå. I en rekke av langtidsplanene fra fylkesmennenes miljøvernavdelinger er det trukket tilsvarende konklusjoner for en rekke geografiske områder.

Enkelte undersøkelser tyder også på at utslippene fra norske kilder kan påvirke forurensningssituasjonen i større geografiske områder enn det vi tidligere har regnet med. Det er således grunn til å anta at også norske landbaserte kilder i større grad enn hittil må trekkes inn ved iverksettelsen av tiltak for å redusere den økende forurensningen av Skagerrak/Nordsjøen.

For å snu denne utviklingen har departementet satt i verk en rekke tiltak. Særlig viktig er den skjerpede holdning til kommunale utslipp og landbruksforurensningene. Med den svært høye feilprosenten fylkesmennene finner ved kontroll av siloer og gjødsellagre, finner departementet det nødvendig å skjerpe kontrollen og virkemiddelbruken betraktelig for

punktutslipp.

Disse retningslinjer avløser tidligere retningslinjer fra departementet i rundskriv T-4/83 hva angår punktutslipp fra landbruket.

Retningslinjene må ses i sammenheng med Statens forurensningstilsyns (SFT's) retningslinjer for fylkesmannens kontroll med punktutslipp fra landbruket. I dette rundskriv gis retningslinjer for fylkesmannens virkemiddelbruk ved overtredelse av forskrift om silopressaft og forskrift om lagring og spredning av husdyrgjødsel.

Vedlagt rundskrivet følger forslag til standardformuleringer for inndrivelse. Forslag til standardformuleringer for fastsettelse av pålegg og forurensningsgebyr er gitt i SFT's rundskriv.

A) ILEGGELSE AV FORURENSNINGSGEBYR

1. Lovhjemler

I medhold av Miljøverndepartementets forskrift av 1. september 1986 om silopressaft § 5, 2. ledd, kan fylkesmannen gi pålegg om gjennomføring av nødvendige tiltak hvis anlegget ikke tilfredsstiller kravene i forskriftens § 2.

I departementets forskrift av 25. januar 1980 om lagring og spredning av husdyrgjødsel (under revisjon), gis fylkesmannen tilsvarende myndighet til å gi pålegg om tiltak for å forebygge, begrense eller stanse forurensning i strid med forskriftens §§ 2, 3, 6 og/eller 7.

Selv om forskriftene benytter formen "kan" (fylkesmannen kan gi pålegg), innebarer dette ikke at spørsmålet er overlatt helt til fylkesmannens frie skjønn. Fylkesmannen har normalt plikt til å gi pålegg når forskriftenes krav ikke er oppfylt. Når det i unntakstilfelle ikke gis pålegg, må fylkesmannen treffe vedtak om unntak fra forskriftenes krav, jf. siloforskriftens § 7 og gjødselforskriftens § 5.

Begge forskriftene gir i § 9 hjemmel til å pålegge forurensningsgebyr etter forurensningslovens § 73.

2. Forurensningsgebyrets formål

Forurensningsgebyr benyttes ikke som reaksjon overfor handlinger som allerede har funnet sted, men fastsettes på forhånd i den hensikt å fremtvinge visse handlinger. Forurensningsgebyret er således ikke straff, men et virkemiddel som skal gi den ansvarlige en økonomisk motivering for å etterleve forurensningsmynighetenes vedtak.

3. Bruk av forurensningsgebyr

Ved påvisning av mer omfattende eller alvorlige feil eller mangler, må det gis skriftlig pålegg om utbedring, se SFT's retningslinjer punkt 3.1. Det skal som hovedregel knyttes forurensningsgebyr til første gangs pålegg. Frist for utbedring må fastsettes av fylkesmannen, jf. punkt 5. Forurensningsgebyret forfaller til innbetaling dersom utbedringen ikke er utført innen utbedringsfristens utløp.

Pålegget kan være spesifisert eller generelt. Se nærmere om dette i SFT's retningslinjer. Dersom kravene i utbedringsplanen oppfilles, anses det generelle pålegget for tilfredsstillende oppfylt.

4. Forurensningsgebyrets størrelse

Forurensningsgebyret skal være så stort at det eliminerer de fordeler gårdbrukeren måtte ha ved å utsette gjennomføringen av de pålagte tiltak. Da det er viktig å oppnå lik praksis på landsbasis og bruk av dagsgebyrer vil være svært arbeidskrevende, finner departementet det nødvendig å innføre engangsgebyr og regler for beregningen av gebyrene.

Gebyrene skal fastsettes ut fra antatt utbedringskostnad. Kostnadene må beregnes i det enkelte tilfelle. Gebyret skal settes så høyt at det ikke skal lønne seg økonomisk for gårdbrukeren å fortsette forurensningen.

Forurensningsgebyret kan beregnes på følgende måte:

F = førstegangsgebyr
 I = investeringskostnad
 K = kapitalkostnad

I anslaget for investeringskostnad er det også naturlig å inkludere alle utgifter til planlegging, prosjektering, konsulentbistand m.v. som påløper for at tiltaket skal bli en fysisk realitet.

Kapitalkostnader er beregnet ut fra gjennomsnittsbetrakninger for kalkulasjonsrente, levetid og frist for gjennomføring av tiltaket.

Etter dette kan forurensningsgebyret beregnes slik:

$$F = K = I \times \frac{30}{100}$$

Hvis I = 50.000 kr, så blir

$$F = 50.000 \times \frac{30}{100} = 15.000$$

Hvis ikke tiltaket gjennomføres innen fristen, settes en ny frist for å gjennomføre pålagte tiltak tilknyttet et nytt forurensningsgebyr. Ved annen gangs pålegg økes gebyrsatsene med 50%.

5. Fastsetting av tidsfrister

Fylkesmannen fastsetter tidsfrist for utbedring. På de gårdsbruk hvor herredsagronomen er med på kontrollen, drøftes tidsfristen med ham/henne. Tidsfristen må fastsettes slik at gårdbrukeren får rimelig tid til å gjennomføre pålagte tiltak.

Når fristen for gjennomføring av tiltaket er fastsatt med forurensningsgebyr, skal denne fristen nedtegnes i særskilt forfallsbok.

Ved generelle pålegg fastsettes fristen for å frembringe plan i samråd med landbrukssetaten. Planen må fremlegges for fylkesmannen innen fristens utløp, slik at frist for gjennomføring av utbedringsarbeidene kan fastsettes av fylkesmannen i samråd med landbrukssetaten. Fremskaffes ikke plan innen fristutløp, fastsetter fylkesmannen på skjønnsmessig grunnlag frist for at anlegget skal være i forskriftsmessig stand.

For gårdsbruk hvor en finner feil/mangler ved tekniske anlegg etter gjennomført restkontroll, (se punkt 2.2 a i SFT's retningslinjer) gjelder inntil ett års frist for rekvirering av en plan som gir rett til tilskudd og ytterligere inntil ett års frist for gjennomføring av utbedringstiltaket.

6. Klage/fristutsettelse

Pålegg med krav om utbedring er enkeltvedtak som kan påklages i henhold til forvaltningsloven på vanlig måte. Klagefristen er 3 uker, og Miljøverndepartementet er klageinstans.

Dersom utbedningsplan p.g.a. kapasitetsproblemer i landbrukssetaten ikke kan fremlegges i tide, kan det søkes om fristutsettelse. Det kan også søkes om fristutsettelse dersom tekniske/økonomiske årsaker gjør det umulig å få gjennomført de nødvendige utbedringer innen den fastsatte frist. Fristen for å søke om utsettelse er 2 måneder før fristen for utbedring går ut.

Søknaden om fristutsettelse må begrunnes. Teknisk/økonomiske forhold må beskrives og det skal opplyses når tiltakene kan være gjennomført med de finansieringsordningene som gjelder i det området gårdsbruket ligger. Ligger gårdsbruket utenfor prioritert område kan miljøvernavdelingen prioritere bruket særskilt for lån/tilskudd, hvis det ut fra

forurensningsmessige grunner er viktig å få rettet på forholdene tidligere enn de private finansieringsmulighetene gir grunnlag for.

Fylkesmannen har også adgang til å frafalle pålopt gebyr. Dette vil være det riktige i tilfelle der det inntrer forhold som ikke kan bebraides gårdbrukeren og som han rimeligvis heller ikke kunne forutse eller gardere seg mot. Utenom slike tilfelle bør gebyr bare unntaksvist frafalles.

7. Innkreving av forurensningsgebyr

Dersom etterkontrollen viser at pålegget ikke er tilfredsstillende oppfulgt, forfaller gebyret til betaling. Dersom ikke ferdiggodkjenning er mottatt ved utbedringsfristens utløp for generelle pålegg, skal landbruksetaten kontaktes for å klargjøre om ferdiggodkjenning er foretatt. Fylkesmannen må foreta kontroll av om anlegget fortsatt ikke er i forskriftsmessig stand før gebyret innkreves.

Når en frist er oversittet, slik at innbetaling er aktuell, skal fylkesmannen ved særskilt brev til gårdbrukeren angi hvilket beløp som skal innbetales og når innbetalingen skal finne sted.

Av innkrevingsbrevet skal det fremgå at innbetalingen skjer til vedkommende skattefogd. (Skattefogdens postgiro/bankgironummer må oppgis i brevet). Gjenpart av innkrevingsbrevet sendes vedkommende skattefogd. Dersom gebyret ikke innbetales i rett tid, sørger skattefogden for den videre inndrivelse av forurensningsgebyret.

Denne ordningen er etablert i samråd med Finansdepartementet. Forurensningsgebyret tas til inntekt i skattefogdens regnskap for kap. 3449, diverse inndragninger post 81 (bøter, inndragninger, vrakgods og hittegods).

Det er viktig at pålegg om forurensningsgebyr blir fulgt opp, slik at det ikke hoper seg opp skyldig gebyr hos enkelte overtrredere på grunn av manglende kontroll fra myndighetene. Fylkesmannen bør derfor sørge for at man til enhver tid har full oversikt over hvilke forurensningsgebyr som er fastsatt og hvem som har ansvaret for at disse blir fulgt opp.

B) POLITIANMELDELSE

I noen tilfeller kan overtredelsen av forskriftene være av en slik art at forholdet bør anmeldes til politiet, jf. forurensningslovens § 78. Det kan være riktig å anmelde de meget grove brudd på forskriftene umiddelbart. Vanligvis vil det imidlertid først være på sin plass med politianmeldelse ved gjentatt

neglisjering av gitte pålegg.

For øvrig må det bero på en helt konkret vurdering om anmeldelse bør foretas.

Med hilsen

Håvard Holm a.f.

Kerfue
Ida Juell

Vedlegg